

Invbyding til temadagar om landbruk før fylkestingsvalet 2023

Vestland Bondelag inviterer til temadagar i førekant av Fylkestingsvalet 2023. Vi fokuserer på ulike tema innan landbruk, der de som komande Fylkestingsrepresentantar/vararepresentantar vil få eit ansvar. Vi legg opp til kunnskapsbygging og uformell dialog i møte mellom representantar frå næringa og fylkesstyret.

Korleis auke verdiskapinga frå frukt, bær, grønnsakproduksjonen i Vestland?

Samarbeid som grunnlag for utvikling

Tid: Fredag 11. august 2023 klokka 12:00

Stad: Hos Cecilie og Agnar Nornes, Norafjordvegen 1078 på Nornes i Sogndal kommune

Dette arrangementet skjer i samarbeid med Sogn Frukt og Grønt og Sogn Frukt og Siderlaug. Me er midt i plommesesongen. Vi har eit mål om ein laus og ledig prat mellom fruktrea på Nornes og Slinde

12.00: Hagevandring hjå Cecilie og Agnar på Nordnes.

Moglegheiter og utfordringar som produsent.
Samhandling mellom produsent og pakkeri.
Korleis styrke norsk frukt i marknaden?

Me flytter oss til Sigrid Ølmheim og Endre Kleivland

13.00 Lunsj - Lokalmat frå Sognasmak.

Litt om Sogn som mat og drikkeregion ved Endre Kleivland, Sogn Frukt og Siderlaug

13.15 Korleis få auka verdiskaping i samhandling med fruktpakkeri.

Innleiing ved Endre Kleivland, styreleiar Sogn Frukt og Grønt

14.00 Bærproduksjon i Sogn -

Innleiing ved Kristian Sætre, leiar i Vik Bondelag

14:30 Korleis får Vestland vera med på auken i grønnsakproduksjonen?

Korleis støtte opp kring små og mellomstore grønnsakprodusentar?
Korleis kan Vestland Fylkeskommune medverke?
Innleiing ved Kari Sigrun Lysne, leiar i Grøntutvalet for Vestlandet og styremedlem i Vestland Bondelag

15.00 Takk for i dag og god tur vidare – godt val

Kontakt: Styremedlem Vestland Bondelag: Kari Sigrun Lysne, 908 58 191

